



Alerten

Nr 19 – 16. sep 2014

14. årg.

Meldingslapp for Åsane Bridgeklubb

Resultat 9.09.2014 - Haustturnering 2/7

Plass	A-pulje	Poeng	%	Kr
1	Ole Magnar Nordvik - Ove Gåsdaal	44,7	61,8	100
2	Oddvar Melchersen - Rolf Skaar	29,9	57,9	90
3	Lisbeth K. Glærum - Atle Seim	24,9	56,6	80
4	Gerhard Leiten - Terje Nilsen	19,0	55,0	
5	Helge Toft - Per Halvorsen	15,4	54,1	
6	Theo Linge - Sigfred Gjerde	9,0	52,4	
7	Martin Ivar Henden - Jostein Obrestad	7,3	51,9	
8	Terje Sæbø - Jon Steinar Dale	5,6	51,5	
9	Vidar Kjøraas - Kjell Asbjørn Helland	4,3	51,1	
10	Erik Eriksen - Finn Fyllingslid	-5,7	48,5	
11	Henry Wathle - Bjørg Brynie	-9,3	47,5	
12	Sigmund Sæbø - Sigrun Reigstad	-9,9	47,4	
13	Morten Eide - Steinar Kyrkjebø	-16,3	45,7	
14	Hans Olaf Hansen - Finn Eriksen	-32,9	41,3	
15	Roar Hatløy - Magne Hatløy	-41,4	39,0	
16	Elisabeth Eikeland - Øyvind Henden	-44,6	38,2	
Plass	B-pulje	Poeng	%	Kr
1	Arvid Menes - Sigurd Heggelund	22,3	56,9	100
2	Hans Edvard Seim - Sigurd W Kvaleid	15,5	54,8	90
3	Astrid Nygaard - Agnar Kronen	11,4	53,5	
4	Erik Engum - Anne Ringstad	8,2	52,5	
5	Sigrid Aske - Brit Bratland	7,6	52,3	
6	Karlis Dolietis - Bente Hetlevik	5,9	51,8	
7	Charles Uthaug - Borgny Pedersen	5,2	51,6	
8	Erling Skiple - Joar Helle	3,8	51,2	
9	Tord Lønnebotn - Per Aam	0,9	50,3	
10	Arne Faannessen - Randi Faannessen	-6,7	47,9	
11	Randi Jensen - Oddbjørn Småland	-13,2	45,9	
12	Olav Kåre Hagen - Sylvi Hagen	-17,5	44,6	
13	Mette Heiberg Devold - Olav Jacobsen	-19,3	44,0	
14	Odd Johansen - Laila Stokke Jacobsen	-21,6	43,3	

Litt Bridgepsykologi

Det ser ut til at oppmodinga til kveldsvinnarane om å referere - eller i det minste nemne - eit spel som kan fortene omtale ikkje pirrar til aksjon.

Så får eg – trass i ofte kveldsresultat under middels – trå til for å halde liv i denne vesle meldingslappen.

Mot vinnarparet greidde vi å spele på dei ein rein topp i spel 15 meddi vi let dei få heimgang i 3 hjarter med påknytt sløyfe i staden for beiten som ville gitt delt nesttopp.

Makker og eg tek skulddeling for denne missen – mest eg for ikkje å ta for ruter ess, det hadde også hjelp makker til å finne sparretur til steling medan eg hadde trumf att.

Spelet treng ikkje nærare omtale:

15	♠ K9653
Syd	♥ 654
N-S	♦ 752
	♣ QJ
♠ A10842	♠ QJ7
♥ KQJ102	♥ 98
♦ K	♦ 10864
♣ A9	♣ 10542
	♠ ---
	♥ A73
	♦ AQJ93
	♣ K8763

Så til bridgepsykologien:

I nest siste runde møtte vi det gode makkerparet Finn Fyllingslid og Erik Eriksen der sistnemnde var spelefører i kontrakten 3 NT i spel 21 som såg slik ut:

21	♠ 109863
Nord	♥ Q874
N-S	♦ 4
	♣ J53
♠ QJ2	♠ A4
♥ 105	♥ A2
♦ KQJ1065	♦ A973
♣ 96	♣ KQ1042
	♠ K75
	♥ KJ963
	♦ 82
	♣ A87

Etter utspel av hjarter 3 tok Erik sine 6 ruterstikk, vel vitande om at eg sit på 4 hjarterstikk om eg kjem inn i ein svart farge.

På siste ruter har eg valet mellom å kaste ein hjarter eller å blanke spar konge. Vel eg å kaste hjarter, gjer eg det lett for speleførar, han vil plassere meg med kløver ess og spar konge med følgjar – kvifor skulle eg elles kaste hjarter? Då vil han setje meg inn på kløver ess, og eg må dermed spele spar til den kombinerte saksa og han får sine 9 stikk.

Ved at eg utan nøling blanka spar konge, var det rimeleg at Erik valde sparkappen i trua på at kongen sat hos makker.

Resultat.: 2 beit og delt nesttopp til oss!

Det er alltid moro å få positiv score mot Terje Sæbø som oftast ligg høgt på resultatlista.

Tysdag var det ekstra moro – vi fekk positiv score på alle tre spela og ein rundesum på 83 % !

I spel 11 slapp eg til med 2 ruter etter hjarteropning i Vest og positiv hand i Øst.

Då makker presterte å melde 5 ruter som stamp over 4 hjarter i lik sone, følgde eg opp med å melde 6 ruter då Terje la på til 5 hjarter. Raudlappen kom i bordet, og makker repliserte at "det var da svært ..." og nytta høvet som blindemann til å ta ein tur ut....

11	♠ 8		
Syd	♥ 963		
Ingen	♦ A9854		
	♣ KJ108		
♠ AQ95		♠ K762	
♥ KQ87542		♥ AJ10	
♦ 6		♦ J	
♣ 4		♣ Q7652	
	♠ J1043		
	♥ ---		
	♦ KQ10732		
	♣ A93		

Etter utspel av hjarter konge fekk eg mine 12 stikk og rein topp etter å ta kløverkappen gjennom Øst.

Makker kom inn att og spurde kor mange beit eg gjekk, og eg kunne stolt fortelje at eg (for ein gongs skuld) hadde meldt ein slem som stod! Dermed vanka det gode ord, og sidan eg er ein hund etter ros, kunne

eg ved rundeslutt både takka for spel, poeng og positiv omtale!

Steky

Har du hugsa

å få etablert eit lag og meldt på til BM lag (torsdagspelninga i kretsen)?

Sjølv om fristen 15. september er ute, trur eg nok at det tolest at du melder på laget ditt i B-puljen, sidan fristen i første rekke er sett for å få kontroll med laga i Mesterpulje og A-pulje. Så køyr i veg – første spelekveld er 25. september!

Vi minner

elles om fristen 1. oktober for påmelding til NM klubbtag!

Same frist er sett for påmelding til seriemesterskapet, fjerde divisjon, men som nemnt i førre bladlapp tolest det nok at du er ute i seinaste laget. Kretsen har ikkje sendt ut innbyding enno, men første spelehelg er terminfesta til 15. – 16. november.

I kveld

spelar me tredje kveld av 7 i Haustturneringa der dei 4 beste kveldane tel samanlagt.

Av premiesummen som er 30 % av startkontingenten, går 20 % til kveldspremiering og 10 % til premiering samanlagt. I klubbsesongen samlar ein opp premie som kjem til utbetaling ved sesongslutt.

Dessutan deltek me i kveld i månadens Simultantturnering (gjeld spel 1 – 24), der me ver t scora på landsbasis blant fleire hundre deltakande par.

Forutan klubbpoeng som vanleg får me i Simultantturneringa tildelt klubbpoeng etter 75 % av vanleg skala.

Speleplan

Dato	
16.sep	Haustrturnering, 3/7 (*)
23.sep	Haustrturnering, 4/7
30.sep	Haustrturnering, 5/7
7.okt	Haustrturnering, 6/7
14.okt	Haustrturnering, 7/7 (*)
21.okt	Ein-kvelds
28. okt	KLM – Kvalik, ½
4.nov	KLM – Kvalik, 2/2
11.nov	Ein-kvelds (*)
18.nov	KLM – Finale, 1/3
25.nov	KLM – Finale, 2/3
2.des	"Mestertreffen" (*)
9.des	KLM – Finale, 3/3
16.des	Bridge med julemat
23.des	Venteleg frikveld?
30.des	Romjulstrefff???
25. sep	BM lag – kveld 1
1.okt	Div. fristar påmeld.
15.- 16.nov	3. og 4. divisjon

(Med atterhald om endringar)

Skriv til Alerten, då!